

# Refleksjonar.

Freden og fridommen fekk vi. Jubelen var stor og gleda sann og ekte. Så store dagar opplever ikkje kvar generasjon. Det var fest i dagar og veker. Det var smil og tårer, kyss og famning i ein slik målestokk at sjølv dei mest avmålte og reserverte vart smitta. Noko anna ville og vere unaturleg etter 5 års trøling og tvang under jarnhelen. Noko anna ville ha vore utenkjeleg etter all ufridom og innestengd trong til å tale og skrive fritt.

Men litt etter litt melder kvardagen seg. Vi ser oss omkring og vert missmodige kanskje. Vi les i avisene den «frie presse» og vert litt fortenkte — ikkje så mykje over det vi les, som over det vi ikkje finn. Det kunne vere mangt vi meinte burde komme fram i ei «fri presse» som ikkje kjem.

Korleis er det no?

Tusental nordmenn våga livet og andre tusental gav livet i kampen mot alt som truga vår fridom i meir enn ei tyding. Kor såg vi ikkje heltemodet i så mange former medan denne fælslege striden stod på. Men, vi vart og vitne til at stakkarsdomen blomstra ved sida av tysktøsene, svarthandlarane, hamstrarar og anna styggedom trivdes som fluelarvar i åtseldungen.

Tysktøsene er vel for ein del og til ei tid ute av dansen. Men har vi ikkje ei vond kjensle av avmektigheit. Brennevin og fyll florerar i krinsar der det nett i disse tidar skulle være bannlyst nord og ned. Uniformerte nordmenn i høgre og lægre grader i bakrus er ein hån mot dei heimlause, dei falne, dei lidande, og viser at avmakta sitt der ho ikkje skulle sitja idag. No florerar bytte- og tuskhandelen med den slagne fiende frodig og frekk. Anna kan ein mest ikkje vente. Naken mann vil nødig sjå at kleda brenn. Det er berre det at dei frekkaste er sjeldan i naud og får mest. Men jøss, jøssing — vi har då noko og gle oss over og. Tyskarane er snart ute av fylket. Rekreasjonstida for «herrefolket» er snart forbi. Dei trong no sanneleg kvila seg og etter all mordbrenninga her nord. Og på Ilebu gut, der går det friskt før seg. Der fer dei på skogen der. Og no fekk vi nysetlane. Jau, beiskade no endelag slår klokka for dei som tente seg rik på Norges vanskjebne. Enn alle dei som ber seg krokute med ost, smør, egg og kjøtbørene sine til herrefolket. Småtterier kjære vene. Dei fleste er for lenge sidan gode jøssingar. Herre gud dei var det då og. Dei ropa hurra for kongen og fedrelandet mellom kvar slurken av sur tysk vin og medan dei telte sedlene for sildesal og diverse produkter til overfallsmennene. No, ja snart fer tyskarane og snart fer vel dei andre og. Når vi då er herrer i eiga hus får vi vone at vi får rå over det vi sjølv eig.

A propos: No skulle tida vere inna for unge handelsmenn med reine rulleblad. Dei vi hadde under krigen er blitt så trinne og runde mest alle saman — og så var dei så opptatt på «kontoret» til kvar tid. Dei som kom med tomme ranslar for å handla fekk aldri sjå dei.

Så har vi stortingval då og samling og fordragelegheit. Og etter det vi no har sett og hørt og veit, så må vel partipolitikken i alle fall ikkje finne fram til kommunestyra, men den som levar får sjå.

filos.

Senjens Blad 25.09. 1945.

OCR – Lenvik Museum 2008.